

Vedtak fra KS Landsting 2008

Medlemskontingent til KS 2009 – 2012

1. Modellen for utrekning av medlemskontingent vert vidareført i den forma han har hatt i siste landstingsperiode, men det vert gjort reelle justeringar både av satsar og beløpsgrenser. I sum inneber justeringane ei reell tilleggsjustering av kontingentinntektene på 15% for KS i løpet av den nye kontingentperioden. Denne nivåjusteringa, saman med naudsynte effektiviserings- og omstillingstiltak, vil gjere det mogeleg for KS å styrke organisasjonen sin kapasitet på område kor kommunesektoren står overfor nye og aukande utfordringar i den komande ireårsperioden.

Dei beløp og satsar som her vert vedtekne i 2007-verdiar, vert endeleg indekserte til 2009-verdiar, når grunnlagstala for løns- og prisvekst ligg føre for 2008.

2. Satsen pr innbyggjar vert auka gjennom perioden med 10 %, både for kommunar og fylkeskommunar. Justeringa skjer i to omgangar, 5 % i 2009 og nye 5 % i 2011.

3. Grunnbeløpet for kommunane vert auka med om lag 29 000 kr til om lag 60 500 kr. Denne oppjusteringa skjer i tilsvarende to omgangar, først til om lag 45 000 kr i 2009 og deretter til om lag 60 500 kr i 2011.

4. Ordninga med årlige justeringar av kontingenten og rammer, i samsvar med den reelle endringa i konsumpris-, folketals- og lønsvekstindeks vert vidareført.

5. Inntektene frå opplæringskontingenten (KO) vert innarbeidd i dei ordinære innbyggjarsatsane og vert dermed fjerna som ei særskilt utrekning. Det vil seie at opplæringsssatsen på 4,63 kr vert lagt til den ordinære satsen på 16,20 kr for kommunane og 13,27 kr for fylkeskommunane. I sum vert dette høvesvis 20,83 kr og 17,90 kr pr. innbyggjar. Desse satsane vert justerte i to trinn, først 5% i 2009 og nye 5% i 2011, i alt 10%. Opplæringskontingenten har ikkje vore avgrensa av maksimumsgrensa, og den nye ordinære kontingenten si maksimumsgrense vert dermed justert opp 30% totalt frå og med 2009, for å kompensere for bortfallet av den særskilte inntekta knytt til opplæring. Eit unntak gjeld for Oslo, som ikkje har teke del i opplæringskontingenten og difor heller ikkje får denne tillagt innbyggjarsatsen. Elles vert innbyggjarsatsane for Oslo justert tilsvarende i to trinn på 5%, medan oppjusteringa av maksimumsgrensa av same grunn vert avgrensa til 10%.

6. Kontingenten til FoU, som inngår i den totale kontingenten til KS utgjer 4,15 kr pr. innbyggjar for kommunane og 3,12 kr for fylkeskommunane i 2007. Både satsane vert justert opp med 10%, som ei tilleggsjustering utover indekseringa, på line med kontingentsatsane elles, først med 5% i 2009 og deretter 5% i 2011. Ordninga med årleg inflasjonsjustering av desse satsane i høve til utviklinga i konsumprisindeksen vert vidareført, med den tillempinga at dei, som den ordinære kontingenten, heretter og vert indeksert med ein del for lønsveksten. Som ei forsiktig tilnærming og praktisk forenkling, kan den prosentvise delen av dei to indeksane settast like store, det vil seie 50:50.